

## Valkamp på rett spor

Mitt engasjement for Miljøpartiet ligg i hovudmålsetjinga: *Målet til Miljøpartiet Dei Grøne er eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse. Økonomien skal vera underordna sunne økologiske prinsipp og fremja fred og rettferd både lokalt og globalt. Livskraftige lokalsamfunn, i hovudsak basert på lokale ressursar, er ein føresetnad for å nå målet.* Min overgang til Miljøpartiet er eit håp om at desse målsetjingane kan etterlevast på ein betre måte enn dagens vekst og forbruksmønster viser. Vi treng eit djuptgåande skifte der utfordringane vi har, vert løyste med nye metodar framfor dei metodane vi nyttar i dag og som er hovudgrunn til dei globale og lokale problema vi står overfor. Klimaendringar vert registrert i forskingsmiljø, miljøøydeleggingar er vi stadig vitne til, forbruksveksten er enorm hos oss, for å nemna litt. Ein seksåring forstår at dette ikkje kan fortsetja utan ubotelege konsekvensar. Om Miljøpartiet som vil stå for ei anna tilnærming og vera ei positiv drivkraft, er avhengig av den politikk vi maktar å utforma og gjennomføra og av at veljarane sluttar opp om dette. Difor avsluttar vi også vårt program med : *Vi i MDG vedgår at vi ikkje har komplette løysingar på alle utfordringane som møter oss. Vi vil difor ha ei audmjuk og lyttande haldning til så vel fagkompetanse og sivilsamfunnet, som til den internasjonale miljø-,freds- og solidaritetsrørsla, slik at politikken vår stadig kan utviklast i møte med ny innsikt og forståing.*

Utspel frå Miljøpartiet i Kvinnherad omkring tilsette i kommunen har skapt ulike reaksjonar. For meg som leiar i partiet er det saker som gjeld og ikkje personar, enten dei er politikarar eller tilsette. Vi kan ha våre oppfatningar av begge, men det får vera innanfor eige hovud. Ulike meininger om saker og politikk er det beste grunnlaget for valkampen og for veljarane sine val – og ein føresetnad for valkamp på rett spor.

Svein Ingvald Opdal  
Leiar MDG Kvinnherad